



Gode tal for bokfestivalar

Falturiltu-festivalen på Stord hadde litt over 4.000 besøkjande. På bLEST i Tysvær er talet 3.400. Begge stader er tala betre enn i fjor.



AV: TRULS HORVEI

PUBLISERT 11.11.2014 16:04

SIST OPPDATERT 11.11.2014 16:15

STORD/TYSVÆR: Festivalsjef Roald Kaldestad er veldig nøgd med årets Falturiltu.

– Det er gledeleg å sjå at me når lengre ut. Målet er ikkje berre å vera lokal, men og ein interessant nasjonal festival, seier Kaldestad.

Han merkar seg at presse frå andre stader enn Sunnhordaland og Haugalandet har skrive om den nynorske barne- og ungdomsbokfestivalen.

– Men har auka besøket frå 2.000 på den første festivalen til litt over 4.000. Det kjekkaste er at vi har hatt jamt over mykje folk på arrangementa, seier Kaldestad som trekk fram Tønese-konsert, Lene Kaaberbæl, HSH-musikalen «Skammrens dotter», Finn-Werix og Linda Eide og «Måneskinssoldaten», ein produksjon frå Stord kulturskule.

I alt har det vore over 50 arrangement. I Tysvær er kultursjef og festivalsjef Ingvar Frøyland godt nøgd.

– Me har hatt 3.400 publikummarar, 100 meir enn i fjor. Me har hatt forfattarar på barnehagar og skular og godt besøk på publikumsarrangementa, seier Ingvar Frøyland.